



Trubadur og kultursjef Kristian kan også plystra! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det nyaste kulturtiltaket i bygda Allsong ved sjøkanten i ettermiddag vart vellukka og Kristian Bringedal lovar at det kjem att. Andre bygdelag har allereie teke til å kopiera det. Det møtte i overkant av 40, som Kristian og Ragnvald Myklebust sikkert leia gjennom eit allsidig repertoar. Spennvidda var stor - frå Prøysen og Skjæråsen til Nordlandsnetter og No kjem ein vals. At bassisten ikkje kom kunne arrangementet leva med - det var tilstrekkeleg med trekkspel og gitar.

Akustikken i Systrene Nilsen har med rette vore påtala, men i samband med song og då også allsong er den ikkje så ille og lokalet kan med fordel nyttast til slike arrangement utan spesielle, lyddempande tiltak.

Langt verre er akustikken i samband med rein musikk og ikkje minst tale og det er å håpa at tiltak kjem til neste sesong eller helst før.

I ein mellom-avdeling var temaet at uskedalen.no har halde det gåande i 5 år.

Av Ola Matti Mathisen